

Stad hjorteutval – 25.03.2026



Foto: Lindis B. Østgård



1. Gjennomgang av jakta

Valda sine inntrykk og tankar om:

- *Jaktsesongen 2025*

~ Runde rundt bordet ~

Heggjabygda og Leivdalen (vis SMS): Det har minka med hjort i storvaldet. Dei som haustar gras har vore godt nøgd med bestanden no.



Barmen: Totalt sett er inntrykket at hjortebestanden er stabil. Det har vore ganske stabil avskyting dei siste fem åra. Situasjonen er gjenspegla i sett hjort per jegerdag.

Nordbygda: Normal felling, men ser mykje mindre dyr enn tidlegare.

Bestandsplanområde Bryggja: Enkelte vald har hatt problem med å ta ut dyra pga at dei såg lite. Andre har hatt eit bra år med normal hjortetettleik. Det var tidlegare trekk enn normalt. Det har vore fleire tilfelle med små spissbukk med ekstremt små gevir (2-3 cm) som har blitt feilvurdert som noko anna. Det har vore meir fokus på å sleppe store dyr (bukk, kolle og kalv) forbi for å spare gode gener.

Sagtennene: Stor nedgang i hjortetettleiken. Meir antyding til at dyra flokkar seg på små område, som til dømes Bjørlo. Roti var einaste jaktfelt som fylte kvota. Andre jaktfelt har stor nedgang og ser nesten ikkje dyr. Låg fellingsprosent totalt i år. Kjem til å


Sørsida: Store forskjellar i valdet. Indre delen ser veldig lite dyr, mens ytre ser mykje. Trekkdyra som antakeleg kom frå Frislid tidlegare, kjem ikkje lenger, i tillegg har antakeleg fleire av jaktfelta i indre skote hardt på stamdyra tidlegare.

Stårheim og Haugen: Låg fellingsprosent og berre to jaktfelt fylte kvoten. Dårleg kalveskyting. Ser mindre dyr, men det har og vore eit mål i lange tider. Ser meir flokking og endring i trekkruiter. Slaktevektene har auka.

Bryggja Vest: Godt med hjort. Trur tettleiken har stabilisert seg. Skaut over 100 % ved å nytte fri kalv. Mindre dyr på innmark.

Kjølsdalen: Tendens til bittelitt nedgang. Varierande med hjort. Nokon har veldig mykje dyr, mens andre har litt mindre, men ingen har tomt. Statistikken går i rett retning. Slaktevektene er stabile og har auka på kalv.

Tildelt og felt hjort i Stad kommune




Tildelt: 1306


Felt: 989

Fellingsprosent: 75,7 %

Nedgang på tal felte på linje med 2022 og 2019.



Kiønns- og aldersfordeling




Kalv: 28,7 %

Fjorkolle: 15,5 %
Beinhonnel: 18,6 %
(fjordyr: 34,1 %)

Eldre kolle: 22,4 %
Eldre bukk: 14,8 %
(eldre dyr: 37,2%)


Kjønnsfordeling
Hann: 49,7 %
Ho: 50,3 %

Kjønnsfordeling i uttaket



Slaktevekter


Gjennomsnittsvekt per kategori sidan 2018
(med godt datagrunnlag)




Minkande trend på alle kategoriar.
Eldre bukk har antyding til auke.

82 % av dei felte dyra vart
levert med vekt i 2025.

Prosent felte med slaktevekt






Sett og felt hjort



Sett hjort per jegerdag totalt (blå) var høgare i 2025 enn den har vore tidlegare. Inmark er variabel, mens utmark har aukande trend.


Felt hjort per jegerdag totalt (blå) var litt lågare enn året før, men framleis høg.

Termisk vil ha ei verknad på tala, antakeleg sidan 2022, men vi veit ikkje i kor stor grad.





Bestandsutvikling



Sett kolle per bukk: 1,74 (1,54 i utmark).

Sett kalv per kolle: 0,66

Sett beinhonnel per bukk: 0,52


Felt av sett bukk: 16,4 %

Felt av sett kolle: 10,9 %

Felt av sett kalv: 12,2 %

88 % av jaktfelte leverte sett hjort i 2025, og 98,7 % av dei felte dyra vart registrert som felt hjort i HVR.









Felte av sette hjort



Bestandsutvikling (2023-2025)


-  Valdgrenser
-  Jaktfeltgrenser

Sett hjort per jegerdag

-  Ikkje registrert
-  0,0 - 0,5
-  0,5 - 1,0
-  1,0 - 2,0
-  2,0 - 4,0
-  4,0 - 6,0
-  6,0 - 8,0
-  8 og over

Tal jegerdagar

-  Ikkje registrert
-  1 - 15
-  15 - 50
-  50 - 100
-  100 - 150
-  150 - 300
-  300 eller meir



Dette er ikkje eit juridisk kart

Bestandsutvikling (2023-2025)


- Valdgreenser
- Jaktfeltgrenser

Sett kolle per bukk

- Ikkje registrert
- 0.00 - 0.50
- 0.50 - 1.00
- 1.00 - 1.50
- 1.50 - 2.00
- 2.00 - 3.00
- 3.00 - 4.00
- 4.00 - 5.00
- 5.00 og over

Tal jegerdagar

- Ikkje registrert
- 1 - 15
- 15 - 50
- 50 - 100
- 100 - 150
- 150 - 300
- 300 eller meir




2. Vår- og haustteljing



Gjennomført 3 siste vekene i april.

Dato i 2026: Natt til 11., 18. og 25. april

Det blir lagt ut annonse i avisa og det blir sendt e-post til alle valdleiarane.



3. Nytt lovverk (lov og forskrift)



Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) trer i kraft 1. juli 2026 og er ei fornying av viltlova. Ein del forskrifter må oppdaterast samtidig. Desse er no på høyring (frist 6. mai).

Faggruppa vilt i Sunnfjord og Nordfjord (samt litt frå Sunnmøre) skal sende inn eit innspel administrativt, samt at eit innspel vil bli sendt frå Kommunestyra i dei aktuelle kommunane i tillegg.

Det nye regelverket har blant anna tydeleggjort framgangsmåten rundt ettersøk og bruk av termisk i hjortejakta har blitt mykje diskutert.


Forskrifta som no er på høyring legg fram at kvar kommune kan fyst søkje til landbruksdirektoratet om å få lov å opne for å nytte termisk i ope terreng om ein kan dokumentere at tettleiken er stor og det er mykje skade på innmark. Om søknaden vert godkjent kan kommunen sette i gang med å lage ein inntil 5-årig forskrift som opnar for dette.

Innspelet frå faggruppa kjem til å bli at dette er for tidkrevjande for kvar kommune og det beste er at det blir laga ein regel nasjonalt. Om det ikkje kan gjerast nasjonalt pga tolking av Bernkonvensjonen, må vurderingane kunne gjerast per fylke, region eller årsleveområde for hjort av Fylkeskommunen.

Alle kan sende inn høyringsinnspel. Høyringsdokumentet ligg her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-nye-forskrifter-og-endringer-i-utvalgte-forskrifter-pa-viltomradet-i-forbindelse-med-ikrafttredelse-av-viltressursloven/id3147556/>

4: Ny forskrift om minsteareal



5: Oppdatering merkeprosjekt



Feltarbeidet er ferdig gjennomført.

Rapporten er nesten ferdig, men skal gjennom nokre rundar med gjennomlesing før den vert publisert.

Håper at rapporten blir publisert før sommaren og at det blir informasjonsmøte i August.



Foto: Lindis B. Østgård

6. YMSE

- **Slakteavfall på avveie.** Det er viktig å sørge for at slakteavfall blir lagt på egne plassar. Det skal ikkje dumpast i elv eller vatn, og det må leggest slik at det ikkje er til sjenanse eller skapar farlege situasjonar for andre dyr (til dømes som lokkemat på feil side av ein veg).
- **Minner om fristen 1. mai (storvald)** for levering av budsjett og rekneskap, søknad om endring til bestandsplan, vald osv.
- **Termisk:** Bruk av termisk har verknad på statistikkane og gjer at det blir vanskelegare å følgje utviklinga av bestanden i ein periode. Vi håper at Miljødirektoratet kjem med ein rettleiar på korleis dyr skal registrerast i sett hjort før jakta i år, men dette er framleis usikkert.
- **Vorter (papillomavirus):** Det har blitt registrert nokre tilfelle med hjortevorter i vår kommune.
- Vortene smitter mellom hjort, men den kan ikkje smitte over til andre artar, verken menneske eller andre dyreartar.
- Hudvorter er normalt godarta, men ved generalisert form (store mengder vorter på kroppen), kan dyret lide og det kan utvikle seg infeksjonar eller andre sekundære sjukdommar. Slike dyr bør ein vurdere å avlive grunna dyrevelferd. I Stad kommune har vi hatt eitt slikt tilfelle (sjå bilde).
- Dyr med hudvorter som vert felt under jakt, **kan godkjennast som mat** dersom dyret er i normalt hald, og ikkje har andre teikn på sjukdom. **Dyr som har den generaliserte forma, og i tillegg er avmagra, bør avlivast av dyrevernomsyn og kasserast som menneskemat.**
- Hjort med hudvorter skal rapporterast til kommunen med bilde, informasjon om stad, fellingsdato, aldersgruppe, kjønn og kondisjon.




Foto: Tom Andre Svoren